

# Årsmelding 2019

## For Møtepunkt B og Sandane Normisjon

Styret for Sandane Normisjon og styret for Møtepunkt B er no det same,  
så dette er årsmeldingane for begge laga.

### Generelt



2019 vart også eit år der vi fekk oppleve at Gud var raus og god med oss. Han sende mykje folk vår veg og kallar oss nærmare Han og nærmare kvarandre. Vi har gjennom 2019 møttes til fellesskap og møte i Møtepunkt B om lag kvar 14. dag, på Sandane Bedehus. **21 møter** i alt, med **ca 2200 besøkande**. Det har kome mellom **80 – 170 stk** på desse samlingane, og vi gledar oss stort over at barn, unge og eldre finn ein heim og ein plass i fellesskapet. Det er oppmuntrande at det ofte er heilt nye folk innom.

Ei samling inneholder **lovsong, temabaserte talar, barneopplegg og nattverd**. Det er alltid mogleg å søkje **forbøn**. Hus-kua vår, **MøBa**, gjer stadige entrear og prøver så godt ho kan å gjere bedehuset til ein gøy plass for barna. Etter samlingane har vi kaffi og noko å bite i.



**Ca 50 stk.** er engasjert i ulike **friviljuge tenester** i tilknyting til Møtepunkt B, men der er god plass til at mange fleire kan engasjere seg. Frå tekniske tenester til praktiske tenester, til forkynning, barneopplegg og møteleiing. Frå musikk og lovsong til forbøn, tekstlesing og matlaging. Vi er audmjuke for all den innsatsen som så mange legg ned for at Møtepunkt B skal vere eit godt, gjevande og levande fellesskap å vere i.

Møtepunkt B er også smågrupper og **ca. 12 smågrupper** møtes i heimane der ein m.a nyttar tema, tale og smågruppeopplegg som vi legg ut på nett.

Møtepunkt B har også gjennom 2019 hatt eit **misjonsprosjekt** der vi **gjev 10% av all kollekt og fastgjevarar** frå samlingane våre, til **Normisjon sitt misjonsarbeid i Bangladesh** som i 2019 vart ca. **kr 26.000,-**. I tillegg gav vi **regionen 10%**, som då også vart **kr 26.000,-**

## **Styret og leiargruppe har vore:**

Kjell Magne Birkelund:	Økonomi
Aina Lemming:	Lovsongsteam
Lovise Ø. Hafnor:	Medarbeidrarar
Vegard Fagerli:	Ungdomsarbeid (permisjon frå styret frå aug)
Jesper Lemming:	Barnearbeid
Ørjan Brunstad:	Alpha og Smågrupper
Vegard Tennebø:	Leiar

Styret har i 2019 vore svært aktivt og er heilhjarta oppteken av å drive arbeidet på bedehuset framover. Det er kort veg frå tanke til handling og denne gjengen her gjer enormt mykje for det som skjer på bedhuset, også det usynlege bakarbeidet. Det er jobba hardt med utvikling og kvalitetsheving og tilrettelegging for at bedehuset skal vere ein god plass å vere og tene ut ifrå, noko denne årsmeldinga vil tydeleggjere.

Utover 2019 har vi kjend på behovet for å forenkle organiseringa av Møtepunkt B og Sandane Normisjon slik at det framover kan vere eitt styre i eitt lag og ikkje to – slik som no. Det er også krevjande å ha overordna og formell leiing kombinert med operativ og involvert leiing, spesielt når både aktivitet og økonomi er veksande.

## **M4**

Leiargruppa har i løpet av 2019 fullført siste året av M4 teamtrening– eit toårig forløp for nystarta fellesskap. Samlingane har vore på Grimerud gård utanfor Hamar. Her har vi, saman med andre nyplanta menighetar fått god rettleiing og hjelp til fokus og som har vore til nytte og inspirasjon for oss som leiurar. Vi drøymer om å få utvikle Møtepunkt B vidare slik at vi kan nå stadig nye med evangeliet og inkludere fleire i fellesskapet.



## **Lovsang 19**



Vi er stolte av lovsangsarbeidet vårt. Vi sponsa dei av våre lov-songsfolk som ønskte å få med seg «Lovsong 19» i Oslo, ein felles-kyrkjeleg lovsangskonferanse. 3 av våre reiste og kom begeistra og inspirert heim. Vi ønskjer å vere eit fellesskap som investerer i våre medarbeidrarar og stimulerer til utvikling. Det er viktig for trivsel og for å vare lenge i teneste. Og lov-songen musikken er viktig for oss.

## Møtepunkt Barn

Barna sin trivsel og trusutvikling er viktig for oss. Barnearbeidet vårt er meldt inn i Acta og har ca. 60 betalande medlemmar. På søndagane deler vi i 3 ulike grupper, i tillegg til at dei aller minste har ein krypekrok bakerst i peisestova. Opplegget består av song, leik og bibelfortellingar og bøn.

Vi merkar stadig behov for fleire krefter i dette arbeidet og utviklinga av det er noko som treng fokus også framover, spesielt på leiarsida. Vi treng fleire som vil ha dette som si teneste.



## Bøn og Lovsongskveld (BoLk)

Vi hadde ein bøn og lovsongskveld i januar og ein i mars. Samlingar med god tid til song og musikk, bønevandring og vitnesbyrd. Dette er noko vi eigentleg kunne tenke oss å ha oftare, men kapasitet og kalender har gjort dette vrient. Men nytt år, nye moglegheiter.

## Temakveld om frivillighet i menigheten m. Øystein Gjerme



4. april var vi vertskap, saman med Sammen med Filadelfia Stadlandet, SIM (Sogndal Indremisjon), Fellesskapskirka Sandane og Fisken Måløy for ei inspirerande samling om det å drive frivillig menighetsarbeid. Fantastisk inspirerande å kunne få ha det på bedehuset. Øystein Gjerme, som er pastor i SALT Bergen og leiar for pinserørsla i Norge, underviste om endringane i måtane friviljug engasjement og motivasjonene for å engasjere seg har endra seg i Norge, og kva utfordringar og muligheiter dette gjev oss som kristne fellesskap i dag. Kjemperlevant og dagsaktuelt.

## Bruktmarknad

25. mai slo vi eit slag for miljøet og eit godt føremål.

Primus motor: Aina Lemming.

Då arrangerte vi bruktmarknad til inntekt for Normisjons arbeid «Like Mye Verdt»: Det handlar i stor grad om jenters rettigheter til utdanning, helse og eit godt liv. I mange land vert jenter ned i 10-11 års alderen gifta vekk til eldre menn. I tillegg til det menneskeleg sett tragiske med dette, skaper det også yttarlegare problem for jentene som dermed ikkje får tilgang til m.a. utdanning.

Det vart salg av klede, bøker og utstyr til hus, hage, born, trening og friluftsliv.

Vi fekk i samme slengen rydda på bedehuset, og nokre heldige fekk sikra seg ein skatt eller to derifrå. Mykje folk var innom og det vart det vi vil kalle ein svært god dag. Firda Tidend laga også sak om dette.



*Det vart samla inn i overkant av kr 21.432,- til Normisjon sitt «like mye verdt» -prosjekt.*



25. september gav Møtepunkt B kollektien på **kr 15.000,-** til ei av dei involverte i denne bruktnarknaden, nemleg **Eva Sessford** sin nyoppstarta brukklebutikk **Upscale**. Her kombinerast gjenbruk, språk - og arbeidstrening for nye landsmenn og sosial møteplass med god gründerånd og bygdeutvikling. Prisverdig og verdt ei merksemld. Slike ting ønskjer vi å gjere meir av, og er med å gje eit bilet av kva «*Jesu kjærleik for våre bygder gjennom våre liv*» faktisk betyr.

### Fellesgudsteneste i TIN-campen med Dnk

Saman med Dnk arrangerte vi felles gudsteneste i TIN-campen 16. juni. Ei regntung oppleving med mykje folk og godt humør. Vi feira «Skaparverkets dag», så mange kom gåande eller syklande. Vidar Bjotveit var liturg og eit av av våre lovsongteam leiar songen. Møba var med og Ørjan Brunstad preika. «Capella Vocale» eit kor frå Tyskland avslutte gudstenesta med vakker song, og kyrkjekoret deltok også. Etter gudstenesta var det høve til å delta på ei ei aktivitetsvandring gjennom skapingsforteljinga for små og store, rundt TIN-plassen. Vi fyrte opp grillane og Ta gjerne med mat og drikke til kyrkjekaffien. Vi fyrer opp grillen til dei som vil lage seg middag. Rikeleg av gode grunnar til å kome i fellesskapet søndag. Velkomne!



### Medabeidarfesten



I juni hadde vi ein hei-dundrandes medarbeiderfest og sommaravslutning for våre medarbeidrarar i kantina på SFE. Det var reker, god drikke, quiz med Hans Græsli og taler. Til slutt ein intimkonsert med Sissel Marie. Ein kjempekveld. Lovise og Vegard F. organiserte og arrangerte. Leiargruppa serverte ved borda. Vi håpar at dette skal verte ein god tradisjon

## Julemesset



Julemesset vart ei flott opplevelse. I overkant av **200 folk** var innom bedehuset denne laurdagen, og kunne handle gode varer og vere med på basar. Ungane hadde det fantastisk i kjellaren med kjempeopplegg der. Matsalet gjekk heilt framifrå og trivselen var høg. Vi syns sjølv vi fekk gjort det adventskoselig og presentert salgsvarer på ein god måte. I tillegg til dei **ca kr 60.000,-** som vart samla inn til regionen denne dagen var det for oss ei stor glede å få gjere ting saman med dei som har gått før oss på bedehuset her, noko vi gjerne gjer igjen og oftare.

## Sandane Soul-Children

Sandane Soulchildren øver framleis i bedehuset og på torsdagane er det yrande liv i huset.

Vi er spesielt glade for at vi fekk lage ei kjempeflett adventssamling saman rett før jul, der SSC sang og var med å heva taket og energien.



## Møtepunkt Bibel og Bøn




På hausten 2019 starta vi opp med Møtepunkt Bibel og Bøn. Kvar tysdag samlast vi i kjellaren kl 11.30-12.00. Der står kaffien klar, og så les vi saman eit stykke frå bibelen, snakkar litt om kva vi har lese og ber saman. Dette er for folk som arbeider sentrumsnært, pensjonistar eller andre som har mulighet i lunsjtider. Det er ikkje dei store skarane som møter opp på dette, vi har vore alt frå 1 - 12 stk. Så her er rom for fleire. Men vi syns det er viktig å lese Guds Ord og be for både bygda, sjuke og alt kristent arbeid.

## **Alpha**

Saman med Dnk arrangerte vi alphakurs hausten 2019. Vi var i Sandane kyrkje. Introkvelden hadde vi på Fjæra kafé. 10 stykk gjennomførte kurset, som gjekk over 12 veker.

Alphaweekenden var på Innnvik Fjordhotell.

Vi syns det var flott å få prøve dette, og fint å gjere det saman med DnK. Vi tek med oss erfaringane og vurderar korleis vi gjer dette arbeidet vidare. Ørjan Brunstad og Grethe R. Tennebø drog lasset her. Takk for innsatsen.



## **Bygget**

Vi gjorde ei god opprydding i forbindelse med bruktsmarknaden i vår. Dette har gjort sitt til at ikkje alle rom også har funksjon av å vere eit lager i tillegg til anna og meir primær bruk. Då vert det enklare å sjå kva som trengst. Vi merkar at bygget er gamalt, og det er mykje som både bør og må gjerast.

I 2019 fekk vi hengt opp anvisningsskilt til nødutgongar,

kjøpte inn ledningskanalar som vil rydde opp i skøyteledningar og kablar.

Vi fekk avklart at huset er «velsigna» med statusen «omsynssone» i kommunal kulturminneplan. Saka vart dekka av Firda Tidend (forsidestoff)

Vi har fått nye gardiner i Salen oppe, sydd av Guro Aunevik! Tusen takk!

Mats Hermann Aunevik har bygde teknikkbod og skaplass framme. Stor jobb og tusen takk.

Styret har også starta prosessen med å standardisere prisar og satsar for utleige og bruk av bedehuset for andre aktørar enn oss sjølve. Vi trur at huset og fasilitetane har potensial både som konserthal og selskapslokale, og meinar det går ann å få inn noko ekstra inntekter på det.

## **Økonomi**

Møtepunkt B er i ferd med å byggje opp ein stabil økonomi, og det er vi glade for. Og det trengst. Vi har inga målsetting om å bli rike og feite sjølv, men kunne ha midlar til å byggje og gjere det vi skal gjere for Guds rike i Nordfjord.

22 stk. har teikna fastgjevaravtale til Møtepunkt B og dette gjev stabil gåveinntekt som i 2019 var 144.00,- kr. Vi oppmodar alle medlemmer og folk som har lyst å teikne fastgjevaravtale.

Kollektar og nokre enkeltgåver gav i 2019 kr. 116.00,-.

I tillegg har vi noko inntekter på utleige av lyd og lysannlegg som i 2019 var på ca 15.000,- kr. Sjølv om vi i 2019 ikkje har nevneverdig mykje utelige av huset, ser vi at bedehuset har potensial til å vere ei godt lokale for å ha inntening på. Dette vil vi arbeide meir med framover.

## **Takk**

Styret vil til sist takke alle medarbeidarar og folk som på ulikt vis har bidratt til at det har vore eit svært aktivt år på bedehuset. Utan friviljug innsats er det ingenting som skjer. Så takk for alle timar lagt ned i arbeidet for fellesskapet her på bedehuset. Takk for initiativ, idéar og pågangsmot. Takk til de som lagar mat. Takk til de som øver og spelar og gjev oss så fin musikk og løfter blikket vårt på Jesus gjennom lovsong.

Takk til de som gjer teneste med barna våre. Tusen takk!

Takk til de som har praktisk teneste og for at de gjer huset hyggjeleg å komme inn i.

Takk til de som brukar teknisk innsikt til å hjelpe oss med god lyd og tekstar og bileter på skjerm.

Takk til deg som gjev i kollekten, er fastgjevar eller gjev enkeltgåver.

Vi opplever at Gud vil noko med det som skjer her og ser med forventning og glede framover. Vi opplever stort frimod i å invitere: Kom og bli med!!